

BYGGEDAGBOK

FORTELJINGA OM EIT GLØYMD TÅRN
Diplomoppgåve våren 2014
Gunnhild Tverdal



Forteljinga om eit gløymd tårn

Diplomoppgåve 2014, NTNU

Dagbok frå byggeplassen, april 2014.

Student: Gunnhild Tverdal

Veileddarar: Steffen Wellinger og

TYIN Tegnestue



Foto: Astrid Larsen

DUGNADSMØTE

11. mars arrangerte eg eit informasjonsmøte på Stord der eg informerte om prosjektet og bygginga. Møtet vart annonsert i lokalavisene nokre dagar før og var ope for alle. Eg var veldig spent på kor mange og kven som ville møte opp.

Litt over 30 personar kom på møtet. Nokre ga beskjed om at dei ikkje kunne kome på møtet, men at dei gjerne ville vere med på dugnad. Dette var over all forventning for min del, og eg såg at fleire av dei frammøtte hadde kompetanse på mykje av det me trong. Fleire gode handtverkarar

som kunne snekre, støype og sveise. Ein elektrikar, eit par ingeniørar og fleire som hadde gjort liknande småprosjekt før. Nokre hadde erfaring med bygging i fjellet, andre med helikopterfrakt.

Eg presenterte planane med fokus på kva dei som dugnadsfolk skulle jobbe med. Eg viste designet eg hadde både i teikningar, modell og skisser. Mange hadde spørsmål om det praktiske rundt bygginga, vedlikehald av det ferdige bygget og om økonomien. Konseptet og hovudtrekka i designet vart godt motteke og fleire sa dei

syns eg hadde forstått behova på staden. Dette tok eg med meg tilbake til Trondheim for å gjere dei siste forberedelsane før bygging!

Tårnet på Stovegolvet skal pussast opp

**BLIR DU MED PÅ
DUGNAD?**

Me vil minne om informasjonsmøte i SKL sine lokale i Lønningsåsen 2 i kveld kl 19.00

VELKOMMEN!





Foto: Asbjørn Tverdal





DAGBOK OG ERFARINGAR

Referat og vurderingar frå dag til dag



Asbjørn på veg opp med sleggene.
Strålande sol og vindstille.


LAURDAG 29. MARS

Dagen før dugnadsarbeidet skal i gong er det så fint ver at me ikkje klarar å vente. Eg og Asbjørn tek turen opp til Stovegolvet med litt verktøy for å planlegge og nyte sola. På vegen opp treff me mange interesserte som har fått med seg planane og turen tek dobbelt så lang tid som han ville gjort utan snakkepausar. Me har det ikkje travelt og syns berre det er artig med engasjementet og positiviteten.

Resten av dagen går med til å handle inn utstyr, blandt anna eit portabelt toalett, litt verktøy og ein del ved.

Det er mykje som skal vere på plass når me inviterar til dugnadsjobbing, både reint praktiske ting som førstehjelppskrin og dopapir, men og ting som skal auke kosen og turopplevinga som ei ordentleg bålpanne til kaffikoking og pølsegrilling.

Klatreklassen har vore oppe denne dagen og fylt i eit par helikopterposar med skrot som skal flygast ned. I bytte mot fraktehjelp av oss får me bruke hytta til varmestove og oppbevaring under dugnaden.



Litt snøflekkar enno, men ikkje slik at det skapar problem. Ordentleg påskestemning.

Erfaringar og utfordringar

Me finn ut at interesserte som vil høre om prosjektet kan verte ein tidstjuv om me ikkje passar på. Det er hyggeleg å fortelle om planane og høre idear og lovord, men me må passe på å ikkje bruke for mykje tid på slikt under bygginga. Dette er kanskje berre eit problem på ein så fin helgedag med mange på tur i fjellet.

Døra som er bolta fast i tårnet ser ut til å ha øydelagde hengslar. Det betyr at me ikkje kan bruke ho uner byggeperioden, og sidan den nye ikkje kjem før etter påske må me finne på noko anna. Å la den stå

er ikkje optimalt sidan den eksisterande opninga er utrygg. Det beste er å fjerne døra og evt. finne ein ny måte å lukke den på for å sikre tårnet under bygginga.

Me er usikker på kvaliteten på den eine helikopterposen klatregruppa har brukt. For å vere sikre vil me frakte opp ein ny i morgon.



Turlagsleiar Gerda synast anledninga baud på sprudlevatn og norsk flagg

SØNDAG 30. MARS

Klokka 09-16

Gunnhild T.
Odd Lars H.
Kurt G.
Stein K.
Aslaug T.
Torill S.
Astrid L.
Arne R.
Julia H.
Jan Ove Ø.
Wenke Å.
Gerda Ø.
Asbjørn T.

Dugnadstimar totalt
91

Strålende sol og vindstille

Plan for dagen: Rydde og rive

Første dag på byggeplassen!
Dette har me gleda oss
til og jobba mot lenge!
Når alle er oppe vert
det oppstartsfeiring og
informasjon om prosjektet.
Til saman 13 personar er med
på første fellestur og det er
god stemning. Ein journalist
frå lokalavisa har og teke
turen og me får anledning til
å reklamere enno litt meir
for prosjektet for å freiste
fleire til å ta turen opp og
hjelpe.

Det tek ikkje lang tid før
dei driftigaste karane
vert lei av bildetaking og
posering. Dei forhøyrer seg
om kva som skal gjerast og

startar på rydding, riving
og fjerning av den øydelagde
ståldøra. Før eg veit ordet
av det er tåret ryddig og
ein innervegg fattigare, og
det har plutseleg to store
dørropningar. Fleire bidrar
med tankar om korleis ting
bør gjerast, og eg noterer
ivrig idear om støypling,
betongkutting og sikring av
farlege situasjonar.

Klokka 12 er det felleslunsj
med kokemalt kaffi og
kringle. Eg merkar fort at
dette er folk som har vore på
tur før og som veit å skape
god stemning. Mange turgåarar
har teke søndagsturen til
Stovegolvet for å sjå kva som



Den eine innerveggen må vekk



Ein del rydding og oppsamling må til



Sju mann måtte til for å flytte døra.

skjer. Alle er positive til det me gjer og gler seg til resultatet.

Me samlar saman skrot, gamle vindauge og elektriske omnar i nye helikopterposar. Mykje av veggen som vert riven vert lagt i oljegropene i tårnet, så slepp me å bruke like mykje betong til golvestøypinga.

Sidan me hadde så mange sterke folk på plass i dag benytta eg sjansen til å få den minste ståldøra bært opp på ein liten platting mellom tårnet og hytta. Planen er at denne døra skal verte eit nytt bord med tilhøyrande


benkar der bålpanna er sett opp. Døra veg sikkert 200 kilo, og det spørst om dei som bar kanskje vart litt oppgitt på arkitekten, men eg trur det vil vere verdt det til slutt! Bordet vil bli solid og stå godt imot veret, samstundes som det viser til historia til tårnet og varigheita til stålet.



Rustne delar må vekk, og oljegropene vert fyllt med betong frå revet vegg.

Toalettet må og fraktast opp

Fjerning av gjennomrusta bjelke





Blant alt skrotet finn me restar frå tida då tårnet var i bruk.

Erfaringar og utfordringar

Ha nok arbeid til alle. Ha klart for seg kva som skal gjerast og kva folk kan bidra med.

Eg såg at folk jobbar veldig effektivt når det er klare arbeidsoppgåver. Dei som har noko å gjere likar framgangen, dei som har færre oppgåver kan bli utålmodige og vere mindre motivert neste gong.

Ok fokus på tryggleik, folk kunne vore meir informert om kva dei andre skal drive med. På ein så liten byggeplass er det viktig at alle er klar over kva som skjer, så dei ikkje plutseleg går i

vegen. Det er litt vanskeleg å få dei eldre arbeidskarane til å bruke verneutstyr. Me var nok litt for mange på byggeplassen i dag og det blei vanskeleg å halde oversikt over alle. Dette var me jo klar over og alle var forberedt på ein sosial oppstartsdag.


I dag lærte eg kor viktig det er å planleggje nøye når du har med deg duggnadsfolk. Dei vil gjerne jobbe effektivt, og i iveren etter å gje dei arbeid kan det vere fort gjort å beordre arbeid du vil angre på. Eg er glad dei berre reiv den eine veggen og ikkje heile tårnet.



Sjef i turlaget, Gerda Øen, markerte dugnadsstarten med champagne til dei frammette. Her får Arne Runnane ein skvett.



Stord-Fitjar Turlag starta dugnadsarbeidet på trafokiosken på Stovegolvet. Her gjev Kurt Grundvold laus på ein vegg i trafokiosken.



Stord-Fitjar Turlag starta sondag dugnadsarbeidet på trafokiosken på Stovegolvet. Fv. Odd Lars Huseth, Kurt Grundvold, Stein Wenke Åse, Gerda Øen og Asbjørn Tverdal. ALLE FOTO: HENRIK MUNDAL ANDREASSEN

Arbeidet i gang på Stovegolvet

Denne gjengen skal laga lan

Våret kunne ikkje vore betre under dugnadsstarten for trafokiosken som skal bli til pause- og utvikksplass på Stovegolvet.

HENRIK MUNDAL ANDREASSEN
henrik@sunnhordland.no

I strålende sol og fullstendig vindstille spratt Gerda Øen i Stord Fitjar turlag champagneflaska sondag, då Stord-Fitjar Turlag og SKL markerte dugnadstart for renoveringa av den gamle trafokiosken. Han er planlagt ferdigstilt til sommaren.
— Berre det å komma opp

her er ei oppleving i seg sjølv, seier Gerda Øen, som etter nyttår vart ny leiar i turlaget.

Sprekt

Saman med primus motorar for prosjektet, Gunnhild Tverdal og Asbjørn Tverdal og ti andre dugnadsarbeidarar, starta dei arbeidet med å

riva ned ei ståldør og innvendige betongvegger. No håpar turlagsleiren at fleire frivillige meldar seg på det spennstige prosjektet.

— Ein vert sprekare, ein vert gladare og ein er i godt lag. Og så er det jo ein fornøytig ting å jobba for. Og kiosken kjem til å bli eit

fantastisk turmål, held Øen fram.

Far og dotter

Ideen til prosjektet kom for om lag sju år sidan, då far og dotter Asbjørn og Gunnhild Tverdal synest det var for gale å la den gamle kiosken stå og forfalla. I verste til-



n Kyvik, Aslaug Tvedte, Torill Sundby, Astrid Larsen, Arne Runnane, Julia Hoffmann, Jan Ove Øen, Gunnhild Tverdal,

Indemerke

felle la seg riva.

Gunnhild Tverdal er arkitektstudent på NTNU og har prosjektet som ein del av masteroppgåva si. Ho står også oppført som arbeidsleiar for prosjektet som er i regi av Sunnhordland Kraftlag, der far hennar Asbjørn Tverdal er nettdirektør. Gunnhild Tver-

dal er arbeidsleiar, medan det er SKL som eig av trafokiosken. Tekningar og planar er klare og det fysiske arbeidet er det som står att. Materialet vert frakta opp med helikopter og hytta på Stovegolvet, som ligg like ved trafokiosken, vert nytta som oppholdsrom medan arbeidet går føre seg.

Trafokiosken på Stovegolvet

- Areal: 10, 8 kvadratmeter (3,3 x 3,3 meter). Høgd: 6,5-6,8 meter.
- Bygd i 1957 for å forsyne radiosendaren på Stovegolvet med straum.
- I 1967 var anlegget flyttet til Katnakken og trafokiosken vart ståande tom og ubrukt. Trafokiosken er i dag eigd av Sunnhordland Kraftlag og grunneigar er Stord Grunneigarlag. Trafokiosken ligg 687 moh. Stovegolvet ligg på 703 moh.

Kjelde: Sunnhordland Kraftlag og Ut.no.

Flagget til topps



Gerda Øen i Stord-Fitjar Turlag og arkitektstudent Gunnhild Tverdal flagga 700 meter over havet ved trafokiosken søndag. Til sommaren skal nemleg kiosken stå klar som pause- og utsiktsplass, og i år var arbeidet i gang.



Når me skal be folk jobbe dugnad i påska må me nesten stille med litt påskegodt!

MANDAG 31. MARS

7-15
Gunnhild T.
Vegard V.
Jakop J.
Svein Egil H.

Timar totalt: 30

Sol.

Plan for dagen: Klargjere for helikoptertransport tysdag.

Sidan me var så mange i går fekk me gjort alt som måtte gjerast på Stovegolvet før helikopterfykinga i morgen. Difor avlyste me dugnaden på fjellet i dag og brukte heile dagen på organisering, handling og frakting av ting som skal flygast opp. Mykje av utstyret har SKL allereie på lager, men ein del måtte og handlast inn. Leverandøren av byggevarer skulle sjølv sørge for at det dei leverte var pakka forsvarleg til helikopterfrakt, og eg fekk mykje hjelp av ansatte på SKL til å finne fram alt som trengs.



Stord Jeger og Fiskeforening skal få hjelp til å frakte materiale til si nye jaktbu.

Ei nøyne gjennomgått liste til tross fann me stadig fleire ting som me kunne trenge i løpet av byggeperioden, og me pakka dobbelt opp av det meste sidan byggeplassen er såpass lite tilgjengeleg i ettertid.



Det er mykje som trengs når ein skal bygge utanfor allfarveg, utan straum og vatn.

Erfaringar og utfordringar

Klargjeringa gjekk greit i dag og eg hadde god hjelp frå folk som hadde planlagd bygging i fjellet før. Det blei mykje fram og tilbake for å kjøpe og hente ting som var gløynd, men listene me hadde laga på forhånd var stort sett gode nok.

Det vanskelegaste for meg i dag var å halde kontakt med alle som skulle ordne dei ulike tinga, følge opp og forsikre meg om at alt var i orden.



Helikopteret, dugnadsgjengen og tårnet

TYSDAG 1. APRIL

Klokka 7-21
Gunnhild T.

Klokka 7-14
Svein Egil H.
Vegard V.

Jakob J.

Klokka 9-14

Odd Lars H.

Kurt G.

Stein K.

Anne Kristin E.

Julia H.

Wenke Å.

Birger T.

Svein B.

Klokka 15-21
Otto H.
Asbjørn T.
Terje J.

Timar totalt: 93

Strålende sol. Litt kjølig
på formiddagen, men varmt
seinare.

Plan for dagen: Frakte
alt opp og ned, rydde og
organisere alt. Bygge stillas
innvendig og byrje å skjere
lysopningars.

Dette var den store dagen då
helikopteret skulle kome.
Det meste var klart til å
fraktast, men ein del måtte
og fiksast i siste liten. I
tilegg til våre ting skulle
me hjelpe Stord Jeger- og
Fiskeforening med å frakte
materiale til ei ny jaktbu
lenger inn i fjellet. Oppå på
Stovegolvet stod det klart
nokre BigBags med skrot som
og skulle ned.

Først blei eg og dei frå SKL
som skulle ta seg av lasting
og lossing på toppen flydd
opp. Turen tok under eitt
minutt frå parkeringsplassen
på 200 moh. Vel oppe var
dugnadsgjengen på plass og



Bålpanna er klar til bruk!



Alle tek i eit tak for å få materialet på plass

ekstra spente på arbeidet denne dagen. Me ufaglerte skulle halde oss mest mogleg vekke frå hiva, og heller hjelpe til å bere alt til rett stad når det kom opp.

Når flyginga var ferdig kunne me begynne å jobbe for fullt. Nokon starta arbeidet med å sikre materiale og utstyr under presenningar. Andre byrja å sette opp stillas inne i tårnet. Dersom me fekk opp stillaset fort nok skulle Terje kome klokka 15 og begynne å skjere ut lysopningar i veggane ein dag tidlegare enn planlagd!

I dag var det 10 dognadsfolk,

og alle fann stort sett noko å gjøre. Når nokon mangla arbeid sat eg dei til å setje opp bålpanna og koke kaffi til resten. Det var strålende sol i dag, så humøret var på topp og fleire av dognadsarbeidarane hadde teke seg fri frå jobben for å vere med.

Akkurat som på søndag gjekk arbeidet unna med det same folk visste kva dei skulle gjøre. Ivrige arbeidskarar samarbeida godt om å finne ut av korleis stillaset skulle byggast og korleis det skulle plasserast for ikkje å vere i vegen for vinkelsliparen som skulle

lage hol i veggane. Nokon bar, andre bygga. Og når det var ferdig fekk eg for første gong klatre opp i høgda av tårnet og få ei kjensle av korleis rommet ville bli når det blei ferdig. Det å kome opp var spesielt for meg som plutselig kunne sjå for meg kvar vindauge, benkar og bord ville kome. Eg såg og kor fint det ville bli å behalde desse røffe veggane innvendig og byrja igjen å revurdere ny innvendig puss.



Stillaset på veg opp.

Rundt klokka 14 blei me ferdige med å bygge stillaset og alt utstyret var plassert trygt og tørt der det skulle. Då gjekk dei andre ned medan eg vart att for å vente på neste gjeng som kom opp for å starte å skjere ut lysopninga. Det blei ein times velfortent kvil i solveggen.

Då dei andre kom opp starta eg å merke opp det første vindauge. Eg var mest spent på utsikta mot fjorden, så eg valde det største som peika i den retninga. Måla på dette vindauge var bestemte ut frå breidda på kassetten med siklopningar over og ein

meter over det som ville bli ferdig golv. Karane hoppa i det med ei stor motorsag/vinkelslipar og me gledde oss til resultatet.

Då eg målte opp bygget i haust hadde eg ikkje stige eller stillas. Alle mål eg hadde var difor målt der eg kunne nå fram og elles tekne frå gamle teikningar. Då Terje høyrt at me ville leige inn profesjonelle med utstyr for å ta kuttejobben syns han det var unødvendig når SKL hadde sag og han kunne bruke den. Han tilbydde seg å gjere det på dugnad med SKL sitt utstyr så slapp me store utgifter til

arbeidstimar og miljøskadeleg helikoptertur opp og ned med utstyr og folk. Det me ikkje hadde rekna med var at veggane skulle vere 2 cm tjukkare oppe i "andreetasje" enn nede ved inngangen.

Då Terje hadde saga det han kunne med vinkelsliparen borra me nokre hol for å sjå kor mykje som var att. Me måtte til slutt bruke ein kombinasjon av borring, meisling og sawing med bajonettsag for å prøve å lausne vindauge heilt, men me fekk det ikkje ut denne kvelden. Då klokka nærma seg 21 var borret og bajonettsaga øydelagde og sola hadde



Ootto og Terje samarbeidat for å få rette vinklar før skjering.

gått ned. Me nærmast sprang nedover fjellet til bilane medan det enno var litt dagslys og var nok litt skuffa over at me ikkje hadde fått betongen til å deise i bakken.



Heltane som jobba inne i mørket og støvet for å kome gjennom betongen.

ERFARINGAR OG UTFORDRINGAR

Sidan det var tjukk tåke dagen før hadde me utsatt helikopteroppmøtet ein time i tilfelle det skulle vere morgontåke denne dagen og. Det var det ikkje, men me trøng den ekstra timen til å gjere klart det som skulle fraktast. Lastemannen til helikopterfirmaet ville i tillegg sjå over alt me hadde klargjort for å forsikre seg om at alt var i orden. Dette visste ikkje eg om og i mellomtida stod 10 dugnadsfolk på Stovegolvet og venta i kald vind. Dette var nok litt unødvendig, men vanskeleg å forutsjå.

Sjølve fykinga gjekk heilt

etter planen. Dyktige folk frå SKL tok styringa på toppen og sa kva me andre skulle gjere. Dugnadsfolka haltdt seg på avstand og me ungikk farlege situasjonar.

Arbeidet etterpå gjekk omrent utan stans. Folk ville vere til hjelp og spurte heile tida kva dei kunne gjere. Eg fann ulike oppgåver som måtte gjerast og alle fann noko som passa. Eg tenkte at eg måtte hugse å ha klare store og små oppgåver for kvar dag, sånn at arbeidet ikkje stoppa opp. Når alle kjenner at dei hjelper til så kan alle gå heim med ei god kjensle etter

ein lang dag.

Igjen såg eg at ein del av dei eldre karane me hadde med var vane med å samarbeide om nye oppgåver. Dei fann ut i fellesskap korleis stillaset skulle setjast opp og eg kunne igjen stole på andre sin kompetanse og la dei halde på. Stillaset kom opp på kort tid og matpakka kunne vente til etterpå.

At veggane plutseleg var 2 cm tjukkare lenger oppe på veggen var det ikkje så mykje å gjere med. Dei tre som heldt på var kreative og fann nye løysingar for korleis lysopninga skulle fullførast.



Omrisset av vindauge vert etter kvart synleg frå utsida.
Lyset inne byrjar å bli sterkare enn dagslyset, og det er på tide å gå heim.

Eg sprang mykje fram og
tilbake mellom dei som jobba
og verktøykassen ute for å
gje dei det dei trøng på
slutten av dagen. Denne rolla
har eg sett er viktig for å
halde arbeidet effektivt.

Me vart litt vel ivrige når
me såg at opninga nesten var
ferdig. Det gjorde at me
gløymde tida og blei verande
for lenge. Dei neste dagane
skal me gå ned i god tid før
det vert mørkt. Men me fekk
gjort veldig mykje!

PROBLEM MED BYGGESØKNADEN

Akkurat i det me gjorde oss klare til å frakte ting med helikopteret tysdag morgen fekk eg mail om at byggesøknaden ikkje var gyldig. Kommunen hadde sett artikkelen i avis og reagerte på at me var i gong utan å ha alle løyva i orden. Eg trudde søknadane var i orden allereie i september 2013 og blei overraska. Dei foreslo eit møte neste dag for å oppklare situasjonen.

UNDERSØKING AV PROBLEM
Eg gjekk gjennom innboksen min og leita fram svaret me fekk av kommunen i fjar haust. Der stod det at dei var positive til tiltaket,

men at dei hadde nokre innvendingar når det gjaldt ansvarsrett og rekksverk på trappa. I søknaden forklarte me at trappa ikkje ville oppfylle krava i TEK10, men at me søkte om dispensasjon frå dette sidan bygget ligg i fjellet. Eg hadde derimot gløymd å teikne på rekksverk, noko eg beklaga og presiserte at ville verte bygga.

Eg snakka med Svein Egil og Asbjørn for å finne ut kva som kunne ha skjedd. Dei hadde snakka med byggjesakskontoret over telefon og forklart at dei søkte om lokal godkjenning med Svein Egil som ansvarleg.

Dei oppfatta det som greit og fokuserte nok for mykje på det positive i skrivet. Dei hadde ikkje oppfatta at skjemaet som gjaldt ansvarsrett måtte sendast inn på nytt med bevis på at Svein Egil var kvalifisert til å ha ansvar.

Dette var vår feil, og eg hadde ikkje lest gjennom papira frå kommunen godt nok. Det vart nok litt for mange ulike skriv å konsentrere seg om, og på denne tida i haust var eg tilbake i Trondheim og jobba med eit nytt masterkurs.

MØTE MED KOMMUNEN

2. april hadde me eit raskt møte med kommunen for å avklare misforståinga og finne ei løysing på problemet. Sidan me allereie var i gong med rydding og riving var me avhengig av at prosessen skulle gå fort. Me takka for at dei hadde reagert så fort og foreslått eit møte allereie dagen etter og beklaga at me hadde gjort feil.

Eg fekk og anledning til å vise dei oppdaterte teikningane og få dei godkjende. Svein Egil hadde med papir som viste at han hadde hatt denne typen

ansvarsrett tidlegare og alt var i orden.

NYE VEDLEGG VERT SENDT

Same dag leverte me nye teikningar og skjema til kommunen for å få formell godkjenning. Me kunne fortsette arbeidet så lenge me ikkje gjorde store strukturelle endringar på bygget, sidan denne typen ansvarsrett berre var nødvendig i det me opna bygget for fri ferdsel.



ONSDAG 2. APRIL

Klokka 15-21
Asbjørn T.
Gunnhild T.
Terje J.
Svein B.
Reidar L.

Timar totalt: 30

Strålande sol. Vindstille.

Plan for dagen: Få ut første lysopning, begynne på andre. Fjerne stålkarm rundt døröffning.

Det mest spennande i dag var å få ut betongen der det største utsiktsvindauget skulle kome. Med reparert utstyr og ny giv gjekk karane i gong med dei siste centimetrene som heldt den tunge betongblokka på plass. Til slutt lausna den og dei kunne skubbe ho ut. I det den forsvann openbara det seg ei nydeleg utsikt og heile rommet vart lyst. Dei to som stod bak fekk hakeslepp og seier dei alltid kjem til å hugsa det augneblinken og det synet som møtte dei. Når eg fekk kome opp skjønte eg kva dei meinte. Utsikta er den same som utanfor, men blei mykje mektigare når du får

ei ramme rundt den. Det vert som eit fantastisk maleri, sa dei. Og dette er tøffe karar.

Motivasjonen som oppstod etter dette var enorm. No kunne me sjå resultatet enno klarare for oss og me ville byrje på neste vindauge med det same. Då gjekk me laus på veggen mot nord-aust og det stående vindauget som peikar rett mot Kattnakken.

Dei to andre som var med frå dugnadsgjengen fekk bryne seg på stålkarmane til døra me fjerna. For å kunne setje inn ei byggedør, og etter kvart ei heilt ny ståldør måtte desse stålrestane



Utsikta frå den første lysopninga ser ut som eit måleri
og tok pusta frå dei tøffe arbeidskarane

fjernast. Dei var godt bolta
inn i veggen, og hadde rusta
fast over femti år, så dei
måtte og skjerast ut med
vinkelslipar. Som vanleg tok
arbeidskarane utfordringa på
strak arm og fann ut korleis
dei best skulle gjere det.

Eg og kunden bestemmer oss
for at det vert finast å ha
vindauge i alle lysopningar,
i staden for å berre setje
inn glas i nokon. Dette
vil og vere tryggare,
meir haldbart og gje
moglegheita for å få fleire
lufteventilar. Me bestiller
nye vindauge sidan me uansett
må fly opp ståldøra når den
kjem i sommar.



ERFARINGAR OG VURDERINGAR

Desse erfarne arbeidskarane treng berre enkle instruksar for kva som skal gjerast og kva som er målet. Dersom dei har det og rett verktøy finn dei raskt beste framgangsmåte sjølv, i samarbeid. Alt eg må gjere er å sørge for å ha nok informasjon til dei, og nok arbeidsoppgåver kvar dag, så dei ikkje keiar seg og blir ståande og sjå på. Dei tek ulike roller, anten utførande eller hjelpende alt etter personlegheit og situasjon, og eg ser fort kven eg kan be om å ta ansvar for nye oppgåver.

Når dei først er i gong med ei oppgåve likar dei dessutan

å gjere ho ferdig. Dette kan resultere i at me held på lenger enn planlagd, og at dei som vert ferdige med sitt blir sittande å vente til dei ivrigaste vert ferdig. Dette er greit innimellom, men me må prøve å unngå at det vert for mykje venting. Då kan folk verte rastlause og ikkje få lyst til å vere med neste gong.

Elles er det tydeleg at arbeid som tydeleg viser igjen og arbeid der folk får bruke litt musklar og store verktøy motiverar serleg menn. Damene trur ikkje at dei kan bidra med det same og vil ha andre

typar oppgåver, som bering, rydding og håndlanging. Eg vil prøve å oppfordre damene til å ta litt større roller etter kvart, men tenker det er greit at dei som har heldt på med store vinkelsliparar før godt kan gjere det no og. Det er både meir effektivt og trygt. I andre fasar av arbeidet, når snekringa startar vil alle kunne bidra med bering, saging og hamring, og alle vil få kjenne litt på byggeleda!





FREDAG 4. APRIL

Gunnhild T. (8-21)
Svein Egil H. (8-14)

Klokka 15-21
Asbjørn T.
Terje J.
Stein K.
Thoralf R.

Timar totalt: 43

Sol og fint ver. Siste dagen med dette veret i følge vermeldinga.

Plan for dagen: Feste avstivingsbjelke, sette inn byggedør og få ut ein lysopning til! Overleve to turar opp og ned på ein dag.

Når ingeniøren Svein Egil høyrd at me hadde byrja å skjere ut den andre lysopninga, trur eg han vart litt nervøs. Han fekk i alle fall lyst til å bli med opp denne dagen og få på plass ein solid avstivingsbjelke. Denne bjelken er permanent og skal etter kvart fungere som både rekkverk, benkestøtte og bering av trappa. Me to klarte ganske effektivt å få den på plass på formiddagen og kom oss ned att til nokre timars kontorjobbing før arbeidsdagen var over.

Når klokka blei 15 bar det opp att med karane som kuttar i betongen. Me hadde lyst

til å få ut neste opning, men det ville bli litt meir komplisert enn den første. Den første kunne berre skubbast ut og deise i fjellet nedanfor, men på den sida av bygget der dette nye vindaugeet skulle kome er det ein betongterasse som me vil bevare. Då måtte me finne ein måte å heise den tunge betongblokka forsiktig ned på.

Løysinga kom frå ingeniøren og gjekk ut på å feste ein augebolt i og over blokka som skulle ut og fire den ned med tau og taljer. Tauet vart eit klatretau me fann i hytta og augeboltane vart festa med




ekspansjonspluggar. Det heldt godt, sjølv om det kanskje såg litt spinkelt ut.

Det var litt vanskeleg å kome gjennom heile veggen med vinkelsliparen og her var armeringa for ein gongs skuld midt i veggen. Det gjorde at det meste av betongen var laus når dei byrja å hamre på vindaugeet med slegge, men at armeringa framleis var intakt. Det førte til at nedste del av betongblokka vart hamra ut i småbitar på stillaset utanfor i staden for at heile blokka lausna. Etter nokre kreative rundar til med vinkelsliparen gjekk ting etter planen. Likevel

var det godt å sjå kor sterk armeringa framleis er og at ho ikkje er rustskada. Betongen er og sterk og gjev oss heile tida mykje motstand. Dette lovar godt for styrken til det ferdige tårnet!

Medan nokon heldt på med dette laga andre klar byggedøra på motsett side av bygget. Den kom på plass med litt kreativ bruk av boks og plank og til slutt blei det ganske tett og solid, om enn ikkje så estetisk vakkert. Planen er at bygget skal verte nokolunde lunt og tørt å jobbe i når me får inn vindauga i lysopningane.





ERFARINGAR OG UTFORDRINGAR

Det oppstår heile tida små uforutsette utfordringar som må løysast. Når ein ikkje kjem heilt gjennom veggen med vinkelsliparen, må ein setje opp stillas på utsida. Når stroppene er for tjukke til å gå gjennom augeboltane kan ein bruke klatretau. Når døra som skal i dørropninga er for lita fyllar me i på sidene, over og under med 2"8. Alt ordnar seg med litt kreativitet, men det tek tid.

Her på fjellet har me fleire gonger måtte endra planane og nytta det me har tilgjengeleg, men det har gått bra. Når ein nyttar reservaløysingar og vante

verktøy til uvante oppgåver må ein passe på at det framleis vert gjort på ein trygg og forsvarleg måte.

Me fekk gjort alt me ville i dag, takka vere at me vart ein person meir enn me hadde planlagt. I dag gjekk det greit å fordele arbeidsoppgåver på ulike folk på ulike stader av bygget. I dag fekk og eg gjere ein del av arbeidet med avstivningsbjelken og døra, i tillegg til å delegera og planlegge.



LAURDAG 5. APRIL

Klokka 9-18
Asbjørn T.
Gunnhild T.
Terje J.
Wenke Å.
Liv J.
Bjørn H.

Timar totalt: 54

Surt regn, sludd innimellom.
Vind og dårlig sikt pga.
tåke.

Plan for dagen: Skjere ut
nest siste lysopning, fjerne
stålramme rundt den andre
døropninga.

Dette er første dag med
dårlig ver. Fram til no har
me vore usannsynleg heldige
med tanke på veret, serleg
når ein veit korleis det
kan vere på vestlandet i
mars/april. Dei dårlige
vermeldingane har derimot
ikkje skremd vekk oss mest
ivrige. Igjen er Terje
med for å hjelpe med den
store vinkelsliparen til
betongskjeringa. Han har teke
med seg kona Liv og Bjørn og
Wenke er med frå turlaget.

Turen opp tek litt lenger tid
enn vanleg, litt fordi det er
vått og glatt, litt fordi eg
er sliten etter to turar i
går. Vel oppe legg me frå oss

turklede i hytta og fyrar i
omnen. Det er surt og kaldt
ute, og me treng ein varm
pausekrok å sjå fram til.
Klatrekuben har sagt at me
gjerne må fyre opp i hytta,
sidan det kan hjelpe godt på
fuktigheita der inne. Med
regntøy og tjukke hanskar tek
me fatt på arbeidet!

Eg merkar opp vindauge som
gjenstår og medan me står
der diskuterar me oss fram
til at me vil ha eit litt
større vindauge på sør-
vestsida. Dette vindaugelet
er ikkje bestilt enno, så
det bør gå greit å endre
den storleiken. Sidan me
går for eit vindauge som

har same breidde men som
er høgare reknar me med at
veggane vil tole det, ut frå
det eg har blitt fortald av
ingeniøren tidlegare. Ståande
opningar er mykje betre for
konstruksjonen enn liggande,
og eit høgare vindauge vil
gje utsikt både når ein står
og når ein sit. Eg brukar mål
som eg veit er standardiserte
for å gjere leveringstida
kortare og prisen lavare.

For å få litt avstand til den
høge vindaugsopninga i nord-
aust flyttar me og litt på
det minste vindauge.
Nede i førsteetasje byrjar
Bjørn å kutte vekk stålramma
rundt dørropninga som skal

bli vindauge. Det må kuttast
frå begge sider fordi
vinkelsliparen ikkje har
stort nok blad, men til slutt
får han den ut. Rammene rundt
desse dørropningane stakk
litt djupare enn eg hadde
rekna med, så opningane vert
høgare enn døra og vindauget
som skal inn. Her får me vel
støype opp ein dørkarm før
me set dei inn, det vil og
hjelpe til å halde vatn ute
av bygget.

På slutten av dagen er alle
lysopningars på plass. No
treng dei berre litt pussing
og flikking før me kan setje
inn vindauge!





ERFARINGAR OG UTFORDRINGAR

Me fekk gjort det me skulle i dag. Det hjelper godt å ha folk med som har brukt litt verktøy før og som ikkje er redd for å gå laus på betong og stål. Det er nok og bra at me er såpass mange som skal haldast i aktivitet, for då må eg berre delegera oppgåver og sjå til at dei vert gjort. Då kan eg ikkje bli ståande og vegre meg for å starte på noko, men vert kasta ut i det, eller rettare sagt: tvinga til å kaste andre ut i det.

Igjen var ikkje alle arbeidskarane einige i at det trøngs verneutstyr, men eg fekk i vertfall på dei som

skulle bruke vinkelsliparen hørselsvern, hanskar og vernebriller. Det var og så dårleg sikt når me skulle ned at me passa på å gå samla. Me gjekk og den betre merka, litt lengre vegen for sikkerheits skuld.

Me hadde vår første (og forhåpentlegvis siste) ulukke på byggeplassen i dag der Wenke sklei på fjellet når ho henta kaffivatn og fekk ei stor kul i panna. Heldigvis sørte ho ikkje ein drope vatn, så kaffien var trygg.



SØNDAG 6. APRIL

Klokka 14-20
Asbjørn T.
Gunnhild T.
Stein K.
Astrid L.

Timar totalt: 24

Lettskya, lite vind og betre enn forventa.

Plan for dagen: Vaske alle innvendige veggar og stillas. Pusse fin, ny kant rundt lysopningane og gjere klar til å setje innvindauge. Skjere laus stålrammer rundt tre luftekanalar, der det og skal setjast inn vindauge.

Dei siste dagane har me skjert mykje i betong og gjort anna grovarbeid. Skjering av betong genererer mykje støv, og for å dempe dette for han som arbeider har me heile tida hatt ein person som har stått ved sida og spruta vatn på bladet. Dette hjalp godt for å gje eit betre arbeidsmiljø, men har gjort veggane fulle av ei betongstøv- og vatnblanding. For å unngå at vindauge skal bli veldig grisete seinare vil me vaske vekk det verste no.

Stein og Asbjørn tok ansvar for å bruke vinkelsliparen igjen, for å fjerne


stålarmen rundt den øvste opninga i veggan, som tidlegare har vore ein lufteopning. Dei klarte å få ut opninga utan å skade betongen rundt. Ein anna viktig jobb som må gjerast før ein set inn vindauge er å lage til ein skråkant på nedsida av lysopninga ute. Denne skal saman med beslag hindre at vatn kjem inn under vindauge.

I mellomtida jobba eg og Astrid med å rydde litt ute. All betongen som har vorte skjert ut dei siste dagane blei berre liggande i store og små bitar inne i tårnet, og utanfor. Me samla det



saman i helikopterposar,
klar til å fraktast ned i
sommar, og brukte slegga
til å dele opp dei største,
hundrekilotunge blokkene.
Det er også viktig å fjerne
armering som stikk ut, sidan
dei kan skade helikopterposen
og bør fraktast på ein annan
måte.

Til slutt var det vasking
av veggjar som gjenstod. Med
ein kost, og vatn frå den
nærmaste myra, vart det mykje
betre og me såg oss nøgde med
dagen. Ein liten kaffikopp
før nedstiginga hadde me og
tid til før det blei mørkt.





ERFARINGAR OG UTFORDRINGAR

Det er viktig å ha ryddedagar innimellan. Dei er kanskje ikkje like spennande som dagar der det skjer store, synlege, varige endringar med bygget, men dei må til for å få framgang i prosjektet. På slike dagar er det kanskje ekstra viktig å gje deltarane oppgåver der dei føler dei bidrar med noko. I dag fekk me damene og brukt litt musklar når me hamra og bar på betongblokkene som skulle fjernast!


Når me var ferdige å vaske oppdaga me våte sprekker på utsida av bygget. Dette kan tyde på at det er skadelege sprekker i veggen og må

sjekkast. Det ser ut til å henge saman med eit uttak for jordingsledningar enderst på veggen, der det og kom ut mykje vatn. Det kan vere me må reparere litt av veggen her og at det difor vert nødvendig med utvendig puss på veggane likevel. Me tok bilder og skal få ingeniøren til å sjå på det.


Me pakka opp vindauge for å måle kor store boltar me må bruke å feste dei med. Då såg me at det største vindauge var eit opningsvindauge. Dette var ikkje meiningsa, sidan det kan vere utrygt å opne eit så stort vindauge i andreetasje. I tillegg mistar

me 10 cm utsikt i breidda og høgda av opninga, noko som er irriterande på det største, viktigaste utsiktsvindaugen. Eg trur grunnen til at det er eit opningsvindauge er at det har hunge igjen i bestilling frå når me trudde me måtte ha rømningsveg i andreetasje. No må eg og kunden diskutere kor mykje det plagar oss, og om me skal bestille eit nytt.

Dersom me ikkje skal bruke det er klatreklubben interesserte i å bruke det på hytta si, så då kan me donere det til dei.



OPNINGSVINDAUGE



FASTKARMSVINDAUGE



ONSDAG 9. APRIL

Klokka 15-20

Asbjørn T.

Gunnhild T.

Gerda Ø.

Thoralf R.

Arne R.

Engeviken

Timar totalt: 30

Lettskya og litt sol.

Vindstille.

Plan for dagen: Sette inn vindauge, gjerne alle me har. Fjerne stillas og gjere klart til støyping av golv.

Før me gjekk til fjells i dag måtte me ta stilling til kva av vindauga me skulle bruke. Det store utsiktsvindaugen i andreetasje kan bestillast på nytt, men det vil koste meir pengar. Eg fann ei løysing der me kunne bruke det store opningsvindaugen og bruke eit feilbestilt fastkarmsvindaug som er på veg i staden for det little opningsvindaugen. På den måten slepp me å bruke det little opningsvindaugen som hadde veldig mykje karm i forhold til glas, men det er framleis eit opningsvindaug i bygget. At det vert litt mindre enn det kunne vore får heller vere, det er stort nok. Og

vindaugen har barnesikring og sikkerheitsglas, så det skulle vere trygt nok.

Me fekk ei overrasking i dag når ein pensjonert snekkar blei med for å hjelpe oss med vindauge. Det var Thoralf i dugnadsgjengen som hadde teke kontakt med han og spurt om råd, noko som ført til at han like godt tok turen. Erfaringa hans kom godt med og me hadde brukt dobbelt så lang tid utan han. Me målte, borra, skrudde, bolta og skumma rundt dei fire vindauga me hadde. I farta vart eitt vindauge satt inn opp ned, og eitt anna blei litt skeivt, men det er



småting som ikkje synast når
me får pussa og ordna til
slutt.


Nokre av hola var skjert ut
litt skeivt og mått pussast
litt på før me fekk inn
vindauga. Opningen nede vart
litt større enn forventa på
grunn av ein stålkarm som
vart fjerna som var litt
tjukkare enn eg hadde målt.
Det gjorde ikkje mykje,
berre at me brukte meir skum
enn elles, og eg vart litt
småirritert sidan det hadde
vore plass til 5 cm meir glas
og dermed meir utsikt.





Det vart nokre sår etter vinkelsliparen. Kanskje treng dei ikkje skjulast?

Sør rundt vindauge
etter vinkelstipper



ERFARINGAR OG UTFORDRINGAR

Folk med erfaring er gull verdt. Å ha med nokon som veit kva dei gjer fører til at alle andre kan høyre på han, sleppe å lure og berre kjøre på. Me fekk inn alle vindauga denne dagen, sjølv om me måtte flikke litt på opningane. Det hadde nok vorte meir nøyaktig og pirkete dersom me skulle gjort det sjølv, for me hadde heile tida vore fokuserte på å gjere det heilt rett. Men resultatet vart bra, og eg trur ikkje andre kjem til å legge merke til dei små feila rundt omkring, serleg viss me får laga nye ventilasjonshol på det vindauget som vart sett inn opp ned.

Eg er imponert over alle desse pensjonerte karane som vil bidra. Dei verkar som dei syns det er kjekt å få bruke litt musklar, verktøy og kunnskap, og dei jobbar veldig godt i lag. Dei høyrer på meg og tek meg alvorleg, men er ikkje redde for å kome med forslag til enklare eller betre måtar å gjere det på.



Foto: Astrid Larsen

FREDAG 11. APRIL

Klokka 15-19
Asbjørn T.
Gunnhild T.
Astrid L.
Wenke Å.
Julia H.

Timar totalt: 20

Regn og tåke. Ein del vind.

Plan for dagen: Gjere klart til golvstøyp. Grave ut stein, vaske, lage forskaling. Feste plexiglas i opningane som manglar vindauge.

I dag fekk me endeleg løyve frå kommunen. Dei siste skjema som mangla vart godkjende og me fekk dispensasjon frå TEK10 på visse område. Det feira me med ein ekstra dagnadsdag.

Me hadde lyst til å støype golvet så snart som mogleg og såg at vermeldinga for laurdagen var forferdeleg. Difor var det godt å kunne ta ein dag med forberedelsar først. Me bar opp plexiglasplater for å gjere bygget så tett som mogleg og var innstilt på å gjere det me kunne for at jobben skulle bli enklare på laurdag. Det var ei rekke småjobbar

denne dagen. Stillaset skulle takast ned og ryddast vekk. Me måtte vaske og rydde inni tårnet før støypinga. Me måtte grave ut ein del stein av gropene i golvet, som me skulle støype att.





I dag vart klessnorene brukta flittig, og det var alltid eit par bein ved omnen

LAURDAG 12. APRIL

Klokka 9-19
Asbjørn T.
Gunnhild T.
Martin T.
Bjørn H.
Wenke Å.

Timar totalt:50

Regn/sludd/snø, tåke og stiv kuling.

Plan for dagen: Støype golv.
Ikkje drukne eller blåse vekk.

Laurdag var støypedag. Ein skitten, tung jobb i elendig ver. Eg lurte på om det skulle dukke opp dugnadsfolk heile kvelden før og trudde det ikkje før eg fekk sjå dei. Når bilen nådde Heio kom det ei ekstra hard haglskur som for å spørre om me meinte alvor. Det gjorde me. Wenke, Asbjørn og Martin var med opp, Bjørn skulle bake ferdig ei kransekake før han fekk fri frå kona.

Det var därleg sikt heile vegen opp og dei mest utsette stadane var det så sterk vind at det var vanskeleg å halde seg oppreist. Men opp skulle me.

Det første me gjorde på toppen var å få fyr i omnen i klatrehytta. Me satte like godt kaffikjelen til kokking med det same for å ha noko å sjå fram til. Heldigvis hadde me lagt inn ved til tørk eitt par dagar før, for veden som låg lagra under tak ute var klissblaut.

Me damene byrja å gjere klart inne i tårnet. Me kutta til armeringsmatter der det skulle støypast og bygga forskaling ved inngangspartiet. Gutane sprang rundt ute i uveret og bar på cementsekkar, armeringsmatter, plank og vatn. Og den splitter nye



Wenke fekk prøve seg på vinkelsliparen.

blandemaskinen me trudde me
ikkje kom til å trenge.

Når alt var klart og me
hadde varma oss i hytta
ein god time byrja sjølve
støypinga. Det var tungt,
vått og grisete, men utruleg
effektivt. På grunn av det
dårlege veret var alle ivrige
på å verte ferdige og nokon
hadde den glimrande ideen om
å sette heile blandemaskinen
inn i tårnet i staden for
å bere rundt på ferdig
blanda betong. Alle jobba
hardt. Me bar og blanda,
pussa og glatta. Og når to
fulle pallar med 25 kilos
sementsekkar nærma seg tomme
var me ferdige.





Grisete, men deilig å jobbe med noko som visast så godt igjen!

Martin var helten som bokstavleg talt bar tonnevis med sement og vatn i regnet.



Regn og hagl sat sine spor i den våte betongen.





ERFARINGAR OG UTFORDRINGAR

Den største utfordringa me hadde i dag var det därlege veret. Eg tenkte innimellan at det ikkje var forsvarleg å dra dagnadsfolk med meg opp der når me såg korleis det var, og eg likte därleg at Bjørn skulle gå opp aleine når det var så därleg sikt. Han var derimot lur og gjekk den noko lengre men godt merka løypa opp, og var kledd i signalgule klede. Eg visste jo at dei som møtte opp i dag visste kva det ville seie å ferdast i fjellet på slike dagar. Det er tross alt den største fordelen med å lage dagnadsgjengar av turfolk; dei er ikkje redde for å vere ute.

I dag hadde me ikkje gått opp dersom me ikkje hadde hatt klatrehytta som pauserom. Det hadde ikkje vore forsvarleg. Det som redda dagen var at me kunne fyre i omnen, få varme i rommet og lage varm mat og drikke. Me hadde det desto trivelegare i hytta denne dagen, sidan me satte sånn pris på å kome inn. Me var einige om at me heller skulle ta lange, gode pausar enn å kome ned litt tidlegare.

Arbeidet gjekk unna som bare det. Alle var innstilt på at når me først var ute i dette veret så skulle kvart minutt bli utnytta. Så lenge me jobba heldt me oss dessutan

relativt varme. Verst hadde nok Martin det, som var ute heile tida og bar på sekkar og vatn, men han tok det som ei treningsøkt og fekk sitte nærmast omnen i pausane.

Bjørn og Asbjørn var gode å ha sidan dei hadde støypt før. Eg og Wenke gjorde det me kunne av småjobbar, glatting, kutting, ausing av vatn og oppmåling slik at karane berre kunne bere, blande og tømme der me sa. Endeleg fekk eg ei av damene til å bruke skikkelege verktøy! Det var ein dag full av godt samarbeid, rett og slett.





SØNDAG 13. APRIL

Klokka 11-18

Asbjørn T.

Gunnhild T.

Timar totalt: 14

Regn, sludd og stiv kuling.

Plan for dagen: sjekke golvet.

I dag gjekk me opp av rein nysgjerrigkeit. Me visste at me ikkje kunne bygga stillas på det nystøpte golvet, og dermed kunne me ikkje gjere så mykje. Men me ville opp og

sjå om nokon hadde gått på golvet før det hadde størkna, om det hadde ei fin overflate eller om det hadde vorte øydelagt av alt vatnet.

Det var godt at me tok turen, viste det seg. Me hadde gløymt å dekke til det store vindaugeet før me byrja å herje med støpinga i går og det var fullt av små betongflekkar. Me fekk det vekk med litt pussing og skraping, men det hadde nok vore vanskelegare om det hadde fått tørke heilt. I tillegg var det nystøpte golvet fullt av små dropeforma gropar etter regnet som hadde kome gjennom

døra. Me tetta betre rundt døropninga og pussa litt på det øvste laget av betongen for å jevne det ut.

Det hadde og samla seg ein del vatn i tårnet sidan me no hadde støypt att alle dreneringsholene. For at betongen skulle tørke betre ausa me opp så mykje me kunne.

Medan me holdt på blåste det opp, truleg med full storm i kasta, og det snødde tett. Me fann ut at det ville vere risikabelt og ubehageleg å gå ned så me søkte ly i hytta eitt par timar til det roa seg.





MANDAG 14. APRIL

Klokka 10-17

Asbjørn T.

Gunnhild T.

Martin T.

Timar totalt: 21

Plan for dagen: Feste eit par bjelkar som skal bere etasjeskillet. Rydde og vaske tomta, hytta og tårnet.


Sol og opphold. Ein del vind.

Siste dag før eg skulle reise tilbake til Trondheim og me var ferdige med det eg hadde tenkt til i denne byggeperioden. Me ville likevel opp og jobbe litt, byrje på litt snekring. Me bestemte oss for å prøve å få klart dei to bjelkane som skal halde den delen av andreetasje der ein kjem opp frå trappa.

Det viste seg å ta lenger tid enn forventa, fordi me hadde ein lasermålar som ikkje var nøyaktig og boltar som var for lange og gjekk gjennom veggen. Etter ein heil dag var det ikkje store synlege resultat, men me hadde festa

ein bjelke (halvvegs). Sidan dette var siste gong eg var på tomta før levering av masteroppgåva måtte eg gjere nokre siste registreringar og ta nokre bilete før me gjekk ned att. Me fekk ikkje tid til å vaske ut hytta, men to i dugnadsgjengen tilbød seg å gjere det neste dag!

FESTE I
BETONGVEGG



OPPSUMMERING

Forventninger og utført arbeid

FORVENTNINGAR

I løpet av to veker hadde me 12 arbeidsdagar, 500 timer og 27 personar logga på byggeplassen. I tillegg var mange innom og snakka, roste og oppmuntra oss der me heldt på.

Før eg starta på diplomen visste eg ikkje kva eg skulle forvente meg når det gjaldt dugnadsjobbinga. Kor mange ville møte opp? Ville eg klare å organisere arbeidet? Ville folk høyre på meg og gjere det eg sa? Eg er jo ung og uerfaren, og dei som kjem for å jobbe kan ha fleire tiår med oppsamla meininger. Og enno verre, kvar og ein av dei som kjem kan ha heilt ulike meininger seg imellom. Kven skal eg då stole på? Meg sjølv eller ein av dei? Eg blei nesten litt rørt

då det kom såpass mange på dugnadsmøtet. Då byrja eg verkeleg å glede meg til arbeidet og såg at eg kunne få det til. Så mykje positivitet og kompetanse hadde eg ikkje sett før meg. Og det gjekk opp for meg at alle desse var her for å hjelpe meg, for å fullføre mitt prosjekt!

PLANLEGGING

Eg har heile vegen planlagt med tanke på at det eg teikner skal byggast. Det har gjort at nokre idear aldri har fått utvikle seg og andre har blitt forlatt fordi dei er upraktiske, vanskelege eller dyre. Det var eg glad for no, for det me gjorde var vanskeleg nok å planlegge og forklare for dei som skulle jobbe. Heldigvis kunne eg sei at konstruksjonen skal

byggast på tradisjonell måte med kjende verktøy og boltar. Dei som kom på dugnad har nemleg bygga før. Eg kunne berre kjapt forsikre meg om at me var einige og så satte dei i gong.

UTFØRING

Utføringa gjekk over all forventning. Serleg dei eldre karane var utruleg flinke, ivrige og effektive. Med det same dei var ferdige med ei oppgåve kom dei og spurte om neste. Damene var meir reserverte men eg fekk nokre av dei til å gjere litt større, konkrete oppgåver etter kvart. Det var tydeleg at dei syns det var gøy og eg vil fortsette å fokusere på at alle skal få prøve seg på dei store oppgåvene neste byggeperiode.



ENDRINGAR

Å vere på byggeplassen vil gje deg ny innsikt i romlege forhold, materialitet og kva som er praktisk mogleg å bygge. Du kan få uforutsett lyst til å forenkle for effektiviteten si skuld, du kan få lyst til å legge til hundre små, fine detaljar. Kanskje ser du at eit litt større vindauge hadde vore fint i ei retning, kanskje er det for høgt eller lavt på veggen. Det å vere på staden kan gje ny inspirasjon og nye idear, og det er greit å vere open for desse inntrykkja. Sjå dei i samanheng med konsept, økonomi og hør kva kunden og brukarane syns før du tar raske avgjerder.

UFORUTSETT

I eit prosjekt med så

mange faktorar vil det oppstå uforutsette ting. at ein person skal halde kontroll på alt aleine er utfordrande og slitsamt og noko vil gå i gløymegboka. Det verste som skjedde denne byggeperioden var at løyva ikkje var i orden. Heldigvis var kommunen hjelpsame og forståelsesfulle og me klarte å løyse situasjonen fort. I tillegg kom ikkje alt me hadde bestilt i tide, nokon gonger på grunn av feilbestillingar frå mi side, andre gonger frå leverandøren si side, fordi me trong skreddarsydde storleikar på dørar og vindauge. Me fekk derimot bygget tett til slutt ved bruk av ei byggedør og plexiglas, så det står godt til me kan fortsette i sommar.

TIL TRONDHEIM

Sjølv om det frista aller mest å fortsette med framgang på byggeplassen og nye opplevingar kvar dag var det på tide å kome seg tilbake til Trondheim. Eg hadde gjort mykje, no var det på tide å samle alt, reflektere og presentere. I staden for å sjå på det som ei forstyrring bestemte eg meg for å ta heile presentasjons- og sensurperioden som ei siste, verdfull veiledning på veg mot mitt aller første realiserte bygg nokon sinne!



